



# NORDDAL KOMMUNE

## Reglement for tildeling og bruk av mobiltelefon

### Bakgrunn

Reglementet omfattar kommunalt tilsette og folkevalde.

Føremålet med reglementet er å regulere tildeling og bruk av mobiltelefon i kommunen. Det skal sikre mest muleg lik handsaming i einingane med rom for individuelle tilpassingar, og at godtgjersle og innrapportering er i samsvar med gjeldande skattereglar.

Mobiltelefon skal nyttast som verktøy for å halde oppe eit godt servicenivå i Norddal kommune. Bruk av mobiltelefon skal vere med å lette tilgjenge til nøkkelpersonar og tildeling skal vurderast med omsyn til den enkelte stilling sin funksjon og innhald

### Erstattar eldre telefonreglement

Det nye reglementet erstattar eldre telefonreglement som opphøyrer når dette trer i kraft. Norddal kommune gir ikkje telefongodtgjersle til privattelefonar.

### Tildeling

Mobiltelefon kan tildelast både tilsette og folkevalde. Rådmannen er ansvarleg for tildeling av mobiltelefon til tilsette. Dette ansvaret kan delegerast til verksemdsleiarar.

Arbeidstakar aksepterer at namn og telefonnummer kan førast opp i telefonkatalogen under aktuell verksemd.

Den som har fått utlevert mobiltelefonen, pliktar å handsame den på ein forsvarleg måte. Skade på mobiltelefonen som skjer forsetteleg eller uaktsomt, kan bli kravd erstatta. Melding om at mobiltelefonen er øydelagt eller skadd skal strakst gjevast til ansvarleg leiar.

Utanlandssamtalar må først avklarast med ansvarleg leiar.

### Tildelingsgrunnlag

Følgjande skal leggjast til grunn ved tildeling av mobiltelefon:

- Har ikkje fast arbeidsplass i arbeidstid og krav om tilgjenge.
- Mange oppdrag utanom fast arbeidsplass i arbeidstid og stort krav om tilgjenge.
- Kontaktplikt utanom arbeidstid

Tildeling kan skje på anna grunnlag. Det skal då søkjast om tildeling i kvart enkelt tilfelle. Det kan også avtalast andre ordningar om det er føremålstenleg. Avgjerdsmynde er rådmannen.

Mobiltelefonen skal nyttast i samband med teneste for Norddal kommune. Privat bruk bør unngåast.

### Innkjøp

IT-ansvarleg skal ha melding frå verksemdsleiar om tildeling av mobiltelefon. IT-ansvarleg står for innkjøp av telefon. Alle mobiltelefonar skal tilhøyre same teleoperatør.

## **Oversikt**

IT-ansvarleg skal til ei kvar tid ha oppdatert liste over kven som har tildelt mobiltelefon. Oversikt skal innehalde type telefon, type abonnement, tildelingsgrunnlag, stilling og når telefon vart tildelt.

Oversikt over tildelingar skal sendast rådmannen 1 gong pr år.

## **Betalings- og refusjonsordningar**

Norddal kommune eig mobiltelefonen. Rekning for fast avgift og bruk skal sendast direkte til kommunen, og skal betalast av kommunen. Kostnad vert belasta den enkelte verksemd sitt budsjett. Rekning skal merkast med brukar sitt namn.

Mobiltelefonen skal brukast minimalt til privat bruk. IT-ansvarleg som koordinerer telefonrekningane kan bestille spesifiserte lister over oppringte nummer.

### **Det vert delt inn i to grupper med omsyn til bruk:**

Gruppe 1	Bruk inntil 2400 kr i året inklusiv abonnement
Gruppe 2	Bruk inntil 3200 kr i året inklusiv abonnement

Deltidstilsette inntil 75 % stilling får dekt inntil 75 % av beløpsgrensa.

Alle med kommunale mobiltelefonar vert plassert i gruppe 1. Meiner ein å ha behov for utvida ramme, skal dette dokumenterast og takast opp med næraste overordna. Overordna legg då ved dokumentasjon og sender melding til IKT-ansvarleg om at den tilsette går over i gruppe 2.

Bruk utover summene i gruppe 1 og 2 vert sett på som private samtalar, og skal dekkast av den tilsette gjennom lønstrekk. Det vil bli gjort årleg avrekning. Meiner ein at bruk utover fastsett beløp også er jobbrelatert må den tilsette dokumentere dette med spesifiserte lister for å unngå lønstrekk på dette.

## **Abonnement**

Dei alle fleste skal ha basis-abonnement. Kan ein dokumentere behov for utvida ringetid skal det vurderast bedrift-abonnement. Dette skal dokumenterast og liggje ved melding til IKT-ansvarleg.

## **Opphøyr – endring av vilkår**

Når den som har tildelt mobiltelefon ikkje lenger oppfyller grunnlaget for tildeling av slik, skal mobiltelefon leverast tilbake. Årsak til dette kan vere fråtrede, endring av stilling eller endring i funksjon eller innhald i stilling.

Ved permisjonar med og utan lønn utover 1 måned skal mobiltelefon innleverast.

Ved 100 % sjukefråvær utover 3 månader skal mobiltelefon innleverast.

## **Ikrafttreden**

Reglementet gjeld frå 1. januar 2006.